



**DEN NORSKE KYRKJA**  
I ULLENSVANG

## MØTEBOK FOR JONDAL SOKNERÅD

<b>Møtedato: 02.02.2021</b>	
<b>Sak nr.</b> 01/21, 02/21, 03/21, 04/21, 05/21, 06/02 48/20, 07/21	<b>Møtestad</b> <b>Jondal Kyrkje, kyrkjerommet</b>
<b>Underskrifter:</b> Protokollen vert underskriven av leiar og lagt fram for godkjenning i neste møte.	
<b>Leiar</b> Anne Røymstad	<b>Nestleiar</b> Åse Marit Jørgensen
<b>Sekretær</b> Karin Anne Utheim Gangdal	<b>Kasserar</b> Ingebjørg Grøtt
<b>Medlem/ Fellesrådsrepresentant</b> Cecilie S. Stærnæs	<b>Medlem</b> Marit Hesvik
<b>Geistleg representant</b> Arild Hellesøy	<b>1. Vara:</b>
<b>Forfall til møtet:</b> Maria Eide	

Utskrift sendt til: Medlemar, 1. varamedlem og kyrkjekontoret i Kinsarvik.  
Kyrkjekontoret sender referat vidare til: Kyrkjeverja, tilsette i soknet og prosten i Hardanger og Voss prosti.

Nedanfor føl sakene som har vore til handsaming i møtet.

### Meldingar:

Nytt frå Fellerådet v/ Cecilie

Det var møte i Fellesrådet i 28.12.20. Vedtak av budsjett 2021  
Jondal sokneråd fremma ei sak til Fellesrådsmøte, ynskje om ny vurdering av soknerådsmidlar fordelt i 2019. Saka vart tatt opp på møte og den var møtt på ein positiv måte. Jondal sokneråd fekk tildelt kr. 200 000. Soknerådet har no ca kr. 350 000 på konto.

Nytt frå prosten

Prestetenesta framover:

Det er utlyst prestestilling i Utne og Jondal sokn, søknadsfrist 21 februar. Planlagt intervju 1.mars. Utne og Jondal sokneråd får ein representant kvar med på intervjuet. Sokneråda i Jondal og Utne skal så kome med innstilling med grunngjeving til Innstillingsrådet. Tilsetjing 25.mars. Det er håp om at ny prest kan ta til i stillinga i august.

Arve Opsahl Engen skal vere vikarprest i Jondal og Utne fram til ny prest er på plass.

Arbeidsmiljøarbeid

Det er starta eit systematisk arbeid med arbeidsmiljøet. Det skal vere ein prosess der tilsette skal involverast. Neste veke skal det vere stabsmøte der tilsette blir informert. Det skal presenterast ein plan for prosessen. Dei tilsette skal vere delaktige igjennom tillitsvalte og verneombod.

Sentralt i dette arbeidet er: Organisering, anerkjenning, forutsigbarheit, engasjement og leiing.

Smittevern v/Åse Marit

Det kom ny smittevernrettleiing 18.januar. Det er høve til å ha arrangement, samling på inntil 10 personar, 50 personar i gravferd og 200 utandørs.

Barne og ungdomsarbeid- fylgjer skulen sine reglar.

Det har vore mogleg å gjennomføre arrangement og aktivitet nesten som planlagt med gode smitteverntiltak. Staben i kyrkja gjer ein god jobb.

Ein må fylgje råda som vert gitt og gjere endringar viss eller når dei kjem,

Orientering v/ Anne

Leiing og nestleiar vil gjennomføre samarbeidsmøte med kontor og kyrkjetenar 1 gong pr.mnd, Møte med sakliste. Planlagt å kome i gong i løpet av februar.

Kort oppsummering av «farga lapper»

-Det har gått tid til å handtere alt rundt pandemien. Den har vore handlingslammande og demotiverande.

-det har vore godt samarbeid mellom sokneråd og stab.

-frustrasjon over at det har vore vanskeleg å få klarlagt økonomien til soknerådet.

-det har vore ei vanskeleg omstilling.

-ser fram til å ta fatt på dei oppgåvene som ligg til soknerådet:

Legge til rette for det indre livet i kyrkja vår. Arbeide for utvikling og vekst i menigheten

**Saker:**

**01/21 Godkjenning av innkalling og sakliste**

**02/21 Godkjenning av protokoll frå møtet den 02.12.20 og 14.12.20**

**03/21 Fordeling av oppgåver i Soknerådet**

**04/21 Årshjul**

**05/21 Trusopplæringsplan**

**06/21. Tidsintervall for soknerådsmøter**

**43/20 Overført fra 2020 .Søknad om offergåver 2021 v/Ingebjørg og Karin**

**07/21 Eventuelt**

**Sak 01/21 Godkjenning av innkalling og sakliste**

**Vedtak:**

Innkalling og sakliste til møtet den 02.02.2021 vart samrøystes godkjent.

**Sak 02/21 Godkjenning av protokoll**

**Vedtak:**

Protokoll/ møtebok frå møte den 02.12.2020 og 14.12.2020 vart samrøystes godkjent.

**Sak 03/21 Fordeling av arbeidsoppgaver i Soknerådet**

Kort utgreiing om saka:

Det er gjort endringar i Soknerådet 2.desember 2020. Ny leiar, Anne Røymstad, Nestleiar, Åse Marit Jørgensen.

Cecilie Stærnæs er no rådsmedlem. Ho er soknerådet sin representant inn i Ullensvang kyrkjelege Fellelsråd. Marit var fyrste vara, men er no komen inn som rådsmedlem.

Maria Eide Sørheim er no første vara.

Karin Utheim Gangdal og Ingebjørg Grøtt har ynskje om å fortsette i dei rollane dei har. Dei held og fram med å ha ansvar for plan for offergåver.

Forslag om at Marit tek ansvar for å lage plan for kyrkjevertar dette året.

Andre oppgåver som kjem til undervegs, må fordelast mellom rådsmedlemmane.

Fordeling av oppgåver mellom leiar og nestleiar blir gjort kjend etter kvart.

**Forslag til vedtak:**

At fordeling av oppgaver , blir som skissert i utgreiinga.

Anne og Åse Marit blir einige om fordeling av «leiaroppgåver» seg i mellom.

**Vedtak:**

Forslag til vedtak vart samrøystes vedtatt

Sak 04/21 <b>Årshjul</b>
--------------------------

Kort utgreiing om saka:

Arbeidet med å lage eit årshjul er no i gang. Vi laga ikkje årshjul i fjor, då året 2020 har vore eit spesielt år og hadde nok med dei utfordringane som var. Prosten kom med eit innspel/ forslag til korleis ein kunne tenkje seg at eit årshjul kan sjå ut. Det er lagt til grunn som forslag til årshjul for Jondal Sokn. Denne planen er ikkje tenkt å vere statisk, men eit levande verktøy. Ein kan endre og legge til undervegs. Sjå vedlegg .

I mars skal det i følge årshjulet vere fokus på diakoni. Diakonimedarbeidar Margot-Helene Backer-Owe har det overordna ansvaret for det diakonale arbeidet i Ullensvang. Ho utarbeidt ein framdriftsplan for arbeidet. Soknerådet skal utnemne eit lokalt diakoniutval på 2-3 personar som skal vere med på utforme diakoniplanen lokalt i Jondal.

**Forslag til vedtak:**

Arbeide vidare med å få til eit årshjul, eventuelt utsette vedtak til neste møte.

Forslag til diakoniutval i Jondal; 2 rådsmedlemar og 1 varamedlem.

**Vedtak:**

Det vart samrøystes vedtatt å bruke forslaget til årshjul som eit arbeidsreiskap. Eit levande dokument i arbeidet i Jondal sokn. Det kan endrast undervegs.

<b>Sak 05/21 Trusopplæringsplan</b>
-------------------------------------

Kort utgreiing om saka:

Forslag til plan for trusopplæring er basert på plan utarbeid i 2018.

Sjå vedlegg. Planen kan eventuelt takast opp i samarbeidsmøte med kontor og kyrkjetenar, for å få innspel på om den er aktiviteten no eller om noko er endra.

Kan evt. utsette vedtak til neste møte eller vedta den slik den er.

**Forslag til vedtak:**

Vedta plan som han er eller utsette til neste møte.

**Vedtak:**

Anne og Åse Marit tek trusopplæringsplanen med til samarbeidsmøte med kontor og kyrkjetenar for innspel. Vedtak utsett til neste soknerådsmøte. Samrøystes vedtatt.

**Sak 06/21 Tidsintervall for Soknerådsmøter 2021**

Kort utgreiing om saka:

Soknerådet vedtok i starten av fjoråret at det skulle vere soknerådsmøte på onsdagar kvar 6.veke. Fleire har gitt uttrykk for at det blir forlenge mellom møta. Det blir vanskeleg å halde tråden og få kontinuitet.

Ny leiing har ynskje om å ha møte x1 pr. månad. Gjerne onsdagar kl.16.30 i kyrkja. Fleire av oss jobbar turnus og det kan derfor bli vanskeleg å halde fast på ein dag/ onsdagar, men vi kan gjere eit forsøk.

Forslag til vedtak;

Soknerådsmøte x1 pr. månad. Onsdag kl.16.30 i Kyrkja, så langt det lar seg gjere.

**Vedtak:**

Forslag til vedtak samrøystes vedtatt

**Sak 48/20 Offerlista - utsett fra 2020.**

Kort utgreiing om saka:

Forslag til offerliste for 2021 ved Karin og Ingebjørg.

Offer for dei to fyrste gudstenestene i 2021 vart fastsett av kontor og leiar i desember 2020.

17. januar: Kirkens Bymisjon. Den gudstenesta vart avlyst.

31. januar: Kyrkjelydsarbeid - denne helga var «Tårnagenthelg» i kyrkja. Det er laga eit forslag fram til 1.august.

Forslag til vedtak:

17.01.21 Kirkens Bymisjon ( gudstenesta avlyst)

31.01.21 Kyrkjelydsarbeid

14.02.21 Misjonsprosjekt Kamerun

21.03.21 Kirkens Bymisjon

01.04.21 Skjærtorsdag (ikkje takkeoffer)

02.04.21 Maritastiftelsen (1.påskedag)

18.04.21 Ung Kyrkjesong

Kyrkjemusikalsk arbeid

Kyrkjelydens barne og ungdomsarbeid

17.05.21 Kirkens SOS

24-05.21 Søndagsskulen Bergen Krets ( 1.pinsedag)

Barne og ungdomsarbeid i Jondal ( ving og stikk innom) Herand?

NMS – Det norske Misjonsselskap

Bibelselskapet

Kristen idrettskontakt

**Vedtak:**

Sak 48/20- offerliste blir utsett til neste soknerådsmøte

<b>Sak 07/21 Eventuelt</b>
----------------------------

Brev frå biskop vedr. konfirmasjon.

Det blir vurdert om vårens konfirmasjon bør flyttast til hausten.

Arne Opsahl Engen har konfirmantane i Jondal. Det er naturleg at det blir tatt opp med foreldre. Soknerådet støtter det viss det kjem ynskje om å utsetje konfirmasjonen til hausten.

Innkjøp av PC til soknerådsleiar

Forslag frå rådsmedlem om kjøp av Pc til leiar med eigen mailadresse.

Soknerådsleiar brukar no sin private pc til alt som gjeld soknerådet. Leiar har stor mail-korrespondanse. Det kan vere mailer med sensitiv informasjon.

Det er fleire fordeler med at leiar har eigen Pc. Alt blir samla på ein plass. Det letter arbeidet ved endring av leiar i ein soknerådsperiode eller overgangen til nytt sokneråd. Nestleiar kan lett overta for leiar ved behov.

Det blir bestemt at det skal kjøpast Pc til leiar. Leiar skal ha eigen mailadresse.

Bårehuset blir av og til brukt til minnestund. Eit soknemedlem har kome med eit ynskje

andre alternativ. Det er kaldt og ikkje triveleg å vere i bårhuset. Anne undersøker andre alternativ til neste møte. Ho tek kontakt med Fellestrådsleiar Tørres Mæland og Digranes Begravelsesbyrå. Kan kapellet på Vikevollen brukast for alle som ynskjer det?

Kort info om fasteaksjon. Fasteaksjonen er årleg i tida før påske, i samarbeid med Kirkens nødhjelp. Jondal har hatt sitt eige opplegg. Diakon Margot Helene Backer Owe er koordinator for arbeidet i Ullensvang. Ho har eit opplegg som og kan brukast i Jondal. Ho er der for alle sokna i Ullensvang kommune. Soknerådet ser det som ein fordel å ha ein felles plattform. Og at Jondal blir ein del av fasteaksjonen i resten av prestegjeldet.

Dato for neste soknerådsmøte:

Neste møte blir onsdag 03.03.21 kl. 16.30 i Jondal Kyrkje